



Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2024/154 - 432.2

Dato 16.04.2024

Innkalling til styremøte 26.04.24

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Fredag 26.04.24 kl. 10:00
Stad: Nutheim Gjestgiveri

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller krkhe@statsforvalteren.no om du ikkje kan møte.

Saksliste:

- | | |
|-----------|---|
| Sak 6/24 | Konstituering av nytt verneområdestyre – val av leiar og nestleiar |
| Sak 7/24 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 8/24 | Saksframlegg:
Søknad om løyve til bruk av snøskuter til privat eigedom ved Skjesvatn og Butjønn i Hjørdal – Olaug Mørkholt |
| Sak 9/24 | Saksframlegg:
Søknad om motorferdsle i verneområde – snøskutertransport til Systebulidalen i Hjørdal - Andres John Ryen |
| Sak 10/24 | Saksframlegg:
Søknad om motorferdsle i verneområde - løyve til leigekjøring med snøskuter i Hjørdal - Espen Øverbø |
| Sak 11/24 | Saksframlegg:
Søknad om motorferdsle i verneområde - løyve til leigekjøring med snøskuter i Hjørdal – Geir Øverbø |
| Sak 12/24 | Referatsaker |
| Sak 13/24 | Eventuelt |
| Sak 14/24 | Neste møte |



Sak 6/24

Konstituering av nytt verneområdestyre – val av leiar og nestleiar

Kort om saka:

Syner til brev frå Miljødirektoratet, motteke 25.01.2024 (ref. 2023/7797), vedr. oppnemning av medlemmer til verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde:

«Miljødirektoratet har delegert myndighet etter naturmangfoldloven § 62 andre ledd tredje punktum til å bestemme at et særskilt oppnevnt organ er forvaltningsmyndighet for et område vernet med hjemmel i naturmangfoldloven kapittel V, jf. forskrift av 8. januar 2021 nr. 65 om delegering av myndighet etter naturmangfoldloven og forskrift 12. januar 2021 nr. 82 om delegering av myndighet etter naturmangfoldloven fra Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet. Myndigheten omfatter også revidering av nasjonalpark-/verneområdestyrenes vedtekter og forvalternes instruks.

Etter forslag mottatt fra kommunene og fylkeskommunen, og i samsvar med likestillings- og diskrimineringsloven § 28, vil Miljødirektoratet oppnevne følgende personer til verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde for perioden 2024-2027:

Fra Hjartdal kommune: Audun Dølen
Fra Seljord kommune: Edvard Mæland
Fra Vinje kommune: Ragnhild Sølberg
Fra Tinn kommune: Kathrine Kvåle Haatvedt
Fra Telemark fylkeskommune: Baiba Sheine

Personlig vara: Margit Romtveit
Personlig vara: Aud Jonskås
Personlig vara: Bjørn Ronny Jervsjø
Personlig vara: Gjermund Ingolfsland
Personlig vara: Birger Hovden

Oppnevningen gjelder også for 2028 inntil nytt styre er oppnevnt.

Forvalter orienterer de valgte medlemmene og kaller inn til konstituerende møte så snart som mulig.

Styret velger selv leder og nestleder.

Vedlagt dette brevet finnes oppdaterte vedtekter for styret, fastsatt av Miljødirektoratet 19.01.2024, som gir bestemmelser om styrets myndighet og oppgaver. Vedtektene er felles for alle nasjonalpark- og verneområdestyrer».

Framlegg til vedtak:

Styret vel sjølv leiar og nestleiar.

Den nyvalde leiaren overtek leiinga av møtet.



Sak 8/24

Søknad om løyve til bruk av snøskuter til privat eigedom ved Skjesvatn og Butjønn i Hjartdal – Olaug Mørkholt

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndigheit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Olaug Mørkholt søker om løyve til motorferdsle med snøskuter i samband med transport av bagasje, utstyr og ved til eigne buer/hytter på Åto og ved Butjønn i Hjartdal kommune.

Det er Hjartdal kommune som gjev løyve etter motorferdslelova, og kommunen kan også gje slik løyve innanfor landskapsvernområdet – utan at verneområdestyret trenger å sjå på saka når transporten går etter dei vedtekne traseane for motorferdsle i området (sjå forvaltningsplanen).

Er det derimot naudsynt for transport *utanfor* traseane må verneområdestyret handsame spørsmålet som ein dispensasjonssak.

Vedlegg

- Søknad med kartskisse, dagsett 03.01.24 (2024/90-1)

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2017.
- Lov om motorferdsle i utmark og på islagde vatn.
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.

Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er utgangspunktet at "Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.", jf. pkt. 1. Pkt. 1.4 seier at "Motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta. All motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor ol."

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova (NML), som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit.




I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitsskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike artar, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

Etter NML § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket eller aktiviteten vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Olaug Mørkholt søkjer om løyve til køyring både etter etablerte trasear (vedtekne i forvaltningsplanen) og utanfor. Det er køyring utanfor etablerte trasear som handsamast i denne saka, og då dreier det seg om ei kort strekning frå godkjend trasé bort til hytta ved Åto (ca. 200 meter) og strekninga mellom Butjøn og Åto forbi Namlaus.



Kartutsnitt som syner omtrentleg køyretrase.

All motorferdsle skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneføresegna. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldlova, er det strengare reglar for motorisert ferdsle enn det som følgjer av motorferdslelova/nasjonal føresegn.

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde står det i kapittel 4 punkt 1.4 at motorferdsle skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta, og at all motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varige skjemmaende markskadar, hjulspor og liknande.



Traseen mellom Åto og Butjønn er i eit område der det er større moglegheiter for å treffe på rein – spesielt lengst nord mot Butjønn. Hytta og køyretraseen til Butjønn ligg i definert kalvingsområde, og gjeng inn i det som forskrift for motorferdsle i sårbare område i Brattefjell-Vindeggen er definert som kalvingsområde. Motorisera ferdsle kan difor ikkje skje etter 1. april. Forskrifta seier følgjande om punkt. 1 Kalvingsområde: «*All motorferdsel innafor eit område i Svafjell, Brattefjell, samt Rjupefjell og Blåfjell/Lekkjenuten avmerka på kart 1:50000, datert november 1996, er forbode i tida frå 1. april til 1. juli. Hytteeigarar innafor området kan gjevast dispensasjon for inntil 2 turar til eiga hytte før 1. april.*» Det er kjend at reinen kan vere i området, og det må reknast med at ein kan koma til å sjå dyr. Det er difor svært viktig at ein er aktsam under transporten.

Man har kjennskap og grei dokumentasjon av verneverdiane i området. Både når det gjelder natur- og kulturverdiar. Kunnskapen er samla i forvaltningsplanen, og er henta i samband med arbeidet med denne. Botaniske verdiar og kulturverdiar blir ikkje påverka av den køyringa det er søkt om.

Føre-var prinsippet i NML § 9 får liten betydning i denne saka, då det er godt kjent kva effekt snøskuterkøyring har på området/villreinen, og då ein ikkje kan sjå usikkerheit i moglege andre negative effektar på verneføremåla. Ein veit at støy kan stresse dyra, og i prinsippet skal motorferdsle haldast på eit minimum.

Med omsyn til NML § 10 om samla belastning, er det openbart at køyringa det her er søkt om vil kome adaptivt på det som allereie er. Det vil med andre ord føre til auke i samla belastning.

NML § 11 om avbøtande tiltak og bæring av kostnader får liten verknad i samband med denne saka. Det følgjer av NML § 12 at det skal tas utgangspunkt i miljømessige forsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller avgrense skade på miljø. I denne saka dreier det seg om tal turar og køyreavstand. Jo færre turar desto betre. Det er difor avgjerande at søkjar nyttar slede med stor kapasitet, og at ein generelt held fokus på å køyre så få turar som mogleg. Vidare er det viktig at søkjar tar omsyn til villreinen dersom den observerast under køyring. Då skal søkjar vente til reinen har trekt seg unna.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Olaug Mørkholt med reservesjåfør løyve til å motorferdsle med snøskuter etter trasé teikna inn på kart i saka. Det gjeld transport av bagasje, utstyr og ved frå Åto til Butjønn. Løyvet gjeld og for reservesjåfør Rune Jamtveit. Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld fram til 01.04.27. Sidan det skal køyrast innanfor det som er kalla kalvingsområde i forskrift om motorferdsle i Brattefjell-Vindeggen, kan det ikkje gjevast løyve til køyring etter 1. april. Verneområdestyret kan heller ikkje gje løyve som varer utover styreperioden.
- Det er gjeve løyve til inntil 2 turar årleg for transport av bagasje, utstyr og ved på strekninga Åto – Butjønn.
- Ekstra sjåførar er å rekne som erstatningssjåfør. Det vil seie berre ein sjåfør per tur som hovudregel.
- Søkjaren skal bruke slede ved transport og oppdraget skal kunne dokumenterast.
- Det er ikkje høve til persontransport åleine.
- Der det finnast etablert trasé for snøskuter, skal denne følgjast.
- Søkjaren skal kunne dokumentere at han/ho er ute på oppdrag ved kontroll. Det skal først køyrebok med penn (sjå neste side). Dato og føremål skal skrivast inn før turen tek til. Køyreboka må takast med under transporten og vises fram ved kontroll.
- Observerast villrein, skal køyring stanses. Søkjaren skal ha dialog med SNO /verneområdeforvaltaren om det er villrein i området.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Vedtaket er berre fatta etter verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og tilhøyrande forvaltningsplan. Søkjar er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve og løyve etter motorferdslelova.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt til Olaus Mørkholt.

Kopimottakarar:

- Hjartdal kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil òg bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 9/24

Søknad om motorferdsle i verneområde – snøskutertransport til Systebulidalen i Hjartdal - Andres John Ryen

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndigheit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Andres John Ryen søker om løyve til motorferdsle med snøskuter i samband med transport av bagasje, utstyr og ved til eiga hytte i Systebulidalen i Hjartdal kommune.

Det er Hjartdal kommune som gjev løyve etter motorferdslelova, og kommunen kan også gje slik løyve innanfor landskapsvernområdet – utan at verneområdestyret trenger å sjå på saka når transporten går etter dei vedtekne traseane for motorferdsle i området (sjå forvaltningsplanen).

Er det derimot naudsynt for transport *utanfor* traseane må verneområdestyret handsame spørsmålet som ein dispensasjonssak.

Vedlegg

- Søknad med kartskisse, dagsett 07.12.23 (2023/13001-1)

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2017.
- Lov om motorferdsle i utmark og på islagde vatn.
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.

Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er utgangspunktet at "Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.", jf. pkt. 1. Pkt. 1.4 seier at "Motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta. All motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor ol."

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova (NML), som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit.



I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitsskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike artar, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.


Etter NML § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket eller aktiviteten vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Andres Jon Ryen søkjer om løyve til køyring både etter etablerte trasear (vedtekne i forvaltningsplanen) og utanfor. Det er køyring utanfor etablerte trasear som handsamast i denne saka, og då dreier det seg om strekninga mellom Systebulii og hytta inne i Systebulidalen. Strekninga utanfor vedtekne trasé er ca. 2,5 km.

All motorferdsle skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneføresegna. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldlova, er det strengare reglar for motorisert ferdsle enn det som følgjer av motorferdslelova/nasjonale føresegn.

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde står det i kapittel 4 punkt 1.4 at motorferdsle skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta, og at all motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varige skjemmaende markskadar, hjulspor og liknande.



Kartutsnitt som syner omtrentleg køyretrasé.



Traseen mellom Systebulii og hytta gjeng i all hovudsak i høgfjellet (over tregrensa). Den nordre halvdelene ligg innafor definera kalvingsområde, mens den sørlege delen er i det som er kalla villreinområde. Det er ikkje uvanleg å treffe på rein her, heller ikkje vinterstid. Det er difor svært viktig at ein er aktsam og omsynsfull.

Hytta og køyretraseen ligg i definert kalvingsområde, og gjeng inn i det som forskrift for motorferdsle i sårbare område i Brattefjell-Vindeggen er definera som kalvingsområde. Motorisera ferdsle kan difor ikkje skje etter 1. april. Forskrifta seier følgjande om punkt. 1 Kalvingsområde: «*All motorferdsel innafor eit område i Svafjell, Brattefjell, samt Rjupefjell og Blåfjell/Lekkjenuten avmerka på kart 1:50000, datera november 1996, er forbode i tida frå 1. april til 1. juli. Hytteeigarar innafor området kan gjevast dispensasjon for inntil 2 turar til eiga hytte før 1. april.*» Det er kjend at reinen kan vere i området, og det må reknast med at ein kan koma til å sjå dyr. Det er difor svært viktig at ein er aktsam under transporten.

Man har kjennskap og grei dokumentasjon av verneverdiane i området. Både når det gjelder natur- og kulturverdiar. Kunnskapen er samla i forvaltningsplanen, og er henta i samband med arbeidet med denne. Botaniske verdiar og kulturverdiar blir ikkje påverka av den køyringa det er søkt om.

Føre-var prinsippet i NML § 9 får liten betydning i denne saka, då det er godt kjent kva effekt snøskuterkøyning har på området/villreinen, og då ein ikkje kan sjå usikkerheit i moglege andre negative effektar på verneføremåla. Ein veit at støy kan stresse dyra, og i prinsippet skal motorferdsle haldast på eit minimum.

Med omsyn til NML § 10 om samla belastning, er det openbart at køyringa det her er søkt om vil kome adaptivt på det som allereie er. Det vil med andre ord føre til auke i samla belastning.

NML § 11 om avbøtande tiltak og bæring av kostnader får liten verknad i samband med denne saka. Det følgjer av NML § 12 at det skal tas utgangspunkt i miljømessige forsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller avgrense skade på miljø. I denne saka dreier det seg om tal turar og køyreavstand. Jo færre turar desto betre. Det er difor avgjerande at søkjar nyttar slede med stor kapasitet, og at ein generelt held fokus på å køyre så få turar som mogleg. Vidare er det viktig at søkjar tar omsyn til villreinen dersom den observerast under køyring. Då skal søkjar vente til reinen har trekt seg unna.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Andres John Ryen løyve til motorferdsle med snøskuter etter trasé teikna inn på kart lagt ved søknad dagsett 07.12.23. Løyvet gjeld for transport av bagasje, utstyr og ved til hytte. Løyvet gjeld og for reservesjåfør Anund Thor Ryen. Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld fram til 01.04.27. Sidan det skal køyrast innanfor det som er kalla kalvingsområde i forskrift om motorferdsle i Brattefjell-Vindeggen, kan det ikkje gjevast løyve til køyring etter 1. april. Verneområdestyret kan heller ikkje gje løyve som varer utover styreperioden.
- Det er gjeve løyve til inntil 2 turar årleg for transport av bagasje, utstyr og ved.
- Ekstra sjåførar er å rekne som erstatningssjåfør. Det vil seie berre ein sjåfør per tur som hovudregel.
- Søkjaren skal bruke slede ved transport og oppdraget skal kunne dokumenterast.
- Det er ikkje høve til persontransport åleine.
- Der det finnast etablerta trasé for snøskuter, skal denne følgjast.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

- Søkjaren skal kunne dokumentere at han/ho er ute på oppdrag ved kontroll. Det skal førast køyrebok med penn (sjå neste side). Dato og føremål skal skrivast inn før turen tek til. Køyreboka må takast med under transporten og vises fram ved kontroll.
- Observerast villrein, skal køyring stanses. Søkjaren skal ha dialog med SNO /verneområdeforvaltaren om det er villrein i området.

Elles gjeld vilkår gjeve i løyve etter motorferdselslova.

Vedtaket er berre fatta etter verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og tilhøyrande forvaltningsplan. Søkjar er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve og løyve etter motorferdslelova.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt til Andres John Ryen.

Kopimottakarar:

- Hjartdal kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil òg bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 10/24

Søknad om løyve til leigekøyring med snøskuter i Hjartdal - Espen Øverbø

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Espen Øverbø har fått 4-årig løyve frå Hjartdal kommune til leigekøyring etter motorferdselslova. Hovuddelen av traseane ligg utanfor verneområdet og langs godkjente trasear innanfor verneområdet. Søkjar vil køyre frå Breivatn-området, via Flottin til Risbua og Primhaug. Køyring i Flottin vert handsamast av Hjartdal kommune. Det same gjeld køyring etter vedtekne trasear i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. Det som difor handsamast i denne saka, er køyring utanfor Flottin og utanfor vedtekne trasear. I praksis vil det seie trasé mellom vernegrense og Flottin opp Bleshaugdalen, samt sløyfa via Gunnaroi ned Risbudalen.

Søkjar har hatt løyve frå verneområdestyret til å nytte denne traseen tidlegare, som gjaldt fram til 31.12.2023. Det er køyring etter same trasear som tidlegare som no skal handsamast. Det søkjast om tilsvarende løyve som tidlegare, for 4 år. Søkjar har lagt ved kart som syner køyretreasear.

Vedlegg

- Søknad med kartskisse, motteke 20.12.23 (2023/13457-1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.
- Lov om motorferdsle i utmark og på islagde vatn.
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbar område i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.

Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er utgangspunktet at "Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.", jf. pkt. 1. Pkt. 1.4 seier at "Motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta. All motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmaende markskader, hjulspor ol."

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går òg fram av § 7 i naturmangfaldlova, som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet.



I NML § 8 (om kunnskapsgrunnlaget) går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10 (om økosystemtilnærming og samla belastning). Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

Etter NML § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket eller aktiviteten vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.


Vurdering

Espen Øverbø vil køyre frå Breivatn-området, via Flottin til Risbua og Primhaug. Køyring i Flottin skal handsamast av Hjartdal kommune. Det same gjeld køyring etter vedtekne trasear i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. Det som difor handsamast i denne saka, er køyring utanfor Flottin og utanfor vedtekne trasear. I praksis vil det seie trasé mellom vernegrense og Flottin opp Bleshaugdalen, samt sløyfa via Gunnaroi ned Risbudalen. Då det ikkje er absolutt presisjon kva gjeld innteikning av godkjende trasear i forvaltningsplanen, oppfattar forvaltaren at det i praksis køyrast i godkjende trasear sjølv om det i søknaden er noko avvik mellom det søkjaren har teikna inn, og det vi finn i forvaltningsplanen.

All motorferdsle skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneføresegna. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldlova, er det strengare reglar for motorisert ferdsle enn det som følgjer av motorferdslelova/nasjonal føresegn.

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde står det i kapittel 4 punkt 1.4 at motorferdsle skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta, og at all motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varige skjemmaende markskadar, hjulspor og liknande.

I all hovudsak skal det køyrast på utsida av landskapsvernområdet og etter vedtekne trasear etter forvaltningsplanen. Unnataket er ein sløyfe på ca. 5,5 km i Risbudalen via Gunnaroi. Sjølv om dette ikkje er ein vedteken trasé i forvaltningsplanen, er det gjevne dispensasjon her tidlegare. Det er ikkje kjende verneverdiar som blir påverka.



Kartutsnitt som syner køyretraseen mellom vernegrense og Flottin opp Bleshaugdalen, samt sløyfa via Gunnaroi ned Risbudalen.

I samband med slik transport, vil det alltid vere viktig å sjå på moglege konsekvensar for villreinen. Området Berutjønn – Gunnaroi – Risbudalen ligg i hovudsak i brukssona i verneområdet og korkje i reinens vinterbeiteområde eller kalvingsområde. Likevel er det godt kjend at reinen sjeldan er langt unna, og det må reknast med at ein kan koma til å sjå dyr. Det er difor svært viktig at ein er aktsam under transporten.

Verneområdeforvaltaren er ikkje kjend med at andre verneverdiar blir nemneverdig påverka av transporten. Man må vere trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket.

Man har kjennskap og grei dokumentasjon av verneverdiane i området. Både når det gjelder natur- og kulturverdiar. Kunnskapen er samla i forvaltningsplanen, og er henta i samband med arbeidet med denne. Botaniske verdiar og kulturverdiar blir ikkje påverka av den køyringa det er søkt om.

Føre-var prinsippet i NML § 9 får liten betydning i denne saka, då det er godt kjent kva effekt snøskuterkøyning har på området/villreinen, og då ein ikkje kan sjå usikkerheit i moglege andre negative effektar på verneføremåla. Ein veit at støy kan stressa dyra, og i prinsippet skal motorferdsle haldast på eit minimum.

Med omsyn til NML § 10 om samla belastning, er det openbart at køyringa det her er søkt om vil kome adaptivt på det som allereie er. Det vil med andre ord føre til auke i samla belastning.

NML § 11 om avbøtande tiltak og bæring av kostnader får liten verknad i samband med denne saka. Det følgjer av NML § 12 at det skal tas utgangspunkt i miljømessige forsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller avgrense skade på miljø. I denne saka dreier det seg om tal turar og køyreavstand. Jo færre turar desto betre. Det er difor avgjerande at søkjar nyttar slede med stor kapasitet, og at ein generelt held fokus på å køyre så få turar som mogleg. Vidare er det viktig at søkjar tar omsyn til villreinen dersom den observerast under køyring. Då skal søkjar vente til reinen har trekt seg unna.



Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Espen Øverbø med reservesjåfør løyve til motorferdsle med snøskuter for leigekøyring etter trasé teikna inn på kart lagt ved søknad dagsett 20.12.23. Løyvet gjeld og for reservesjåfør Tormod Øverbø. Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for leigekøyring utanfor godkjente trasear (jf. forvaltingsplan). Det kan ikkje køyrast etter 15. april.
- Løyvet gjeld fram til 15.04.27. Verneområdestyret kan ikkje gje løyve som varer utover styreperioden.
- Ekstra sjåførar er å rekne som erstatningssjåfør. Det vil seie berre ein sjåfør per tur som hovudregel.
- Søkjaren skal bruke slede ved leigekøyring og oppdraget skal kunne dokumenterast.
- Det er ikkje høve til persontransport åleine.
- Der det finnast etablerte trasé for snøskuter, skal denne følgjast.
- Søkjaren skal kunne dokumentere at han/ho er ute på oppdrag ved kontroll. Det skal førast køyrebok med penn (sjå neste side). Dato og føremål skal skrivast inn før turen tek til. Køyreboka må takast med under transporten og vises fram ved kontroll.
- Observerast villrein, skal køyring stanses. Søkjaren skal ha dialog med SNO /verneområdeforvaltaren om det er villrein i området.

Elles gjeld vilkår gjeve i løyve etter motorferdselslova.

Vedtaket er berre fatta etter verneføreseigna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og tilhøyrande forvaltningsplan. Søkjar er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve og løyve etter motorferdslelova.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Espen Øverbø.

Kopi:

- Hjartdal kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil òg bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 11/24

Søknad om løyve til leigekøyring med snøskuter i Hjartdal – Geir Øverbø

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Geir Øverbø har fått 4-årig løyve frå Hjartdal kommune til leigekøyring etter motorferdselslova. Hovuddelen av traseane ligg utanfor verneområdet og langs godkjente trasear innanfor verneområdet. Søkjar vil køyre frå Breivatn-området, via Flottin til Risbua og Primhaug. Køyring i Flottin vert handsamast av Hjartdal kommune. Det same gjeld køyring etter vedtekne trasear i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. Det som difor handsamast i denne saka, er køyring utanfor Flottin og utanfor vedtekne trasear. I praksis vil det seie trasé mellom vernegrense og Flottin opp Bleshaugdalen og Sørensdalen, samt sløyfa via Gunnaroi ned Risbudalen.

Søkjar har hatt løyve frå verneområdestyret til å nytte denne traseen tidlegare, som gjaldt fram til 31.12.2023. Det er køyring etter same trasear som tidlegare som no skal handsamast. Det søkjast om tilsvarande løyve som tidlegare, for 4 år. Søkjar har lagt ved kart som syner køyretrasear.

Vedlegg

- Søknad med kartskisse, motteke 20.11.23 (2023/12371-1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.
- Lov om motorferdsle i utmark og på islagde vatn.
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbar område i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.

Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er utgangspunktet at "Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.", jf. pkt. 1. Pkt. 1.4 seier at "Motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta. All motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor ol."

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går òg fram av § 7 i naturmangfaldlova, som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet.



I NML § 8 (om kunnskapsgrunnlaget) går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10 (om økosystemtilnærming og samla belastning). Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

Etter NML § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket eller aktiviteten vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Geir Øverbø vil køyre frå Breivatn, via Flottin til Risbua og Johanstul. Køyring i Flottin skal handsamast av Hjordal kommune. Det same gjeld køyring etter vedtekne trasear i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. Det som difor handsamast i denne saka, er køyring utanfor Flottin og utanfor vedtekne trasear. I praksis vil det seie trasé mellom vernegrense og Flottin opp Bleshaugdalen og Sørensdalen, samt sløyfa via Gunnaroi ned Risbudalen. Då det ikkje er absolutt presisjon kva gjeld innteikning av godkjende trasear i forvaltningsplanen, oppfattar forvaltaren at det i praksis køyrast i godkjende trasear sjølv om det i søknaden er noko avvik mellom det søkjaren har teikna inn, og det vi finn i forvaltningsplanen.

All motorferdsle skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneføresegna. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldlova, er det strengare reglar for motorisert ferdslе enn det som følgjer av motorferdslelova/nasjonal føresegn.

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde står det i kapittel 4 punkt 1.4 at motorferdsle skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta, og at all motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varige skjemmaende markskadar, hjulspor og liknande.

I all hovudsak skal det køyrast på utsida av landskapsvernområdet og etter vedtekne trasear etter forvaltningsplanen. Unnataket er ein sløyfe på ca. 5,5 km i Risbudalen via Gunnaroi. Sjølv om dette ikkje er ein vedteken trasé i forvaltningsplanen, er det gjeve dispensasjon her tidlegare. Det er ikkje kjende verneverdiar som blir påverka.



Kartutsnitt som syner køyetraseen mellom vernegrense og Flottin opp Bleshaugdalen og Sørensrødalen, samt sløyfa via Gunnaroi ned Risbudalen.

I samband med slik transport, vil det alltid vere viktig å sjå på moglege konsekvensar for villreinen. Området Berutjønn – Gunnaroi – Risbudalen ligg i hovudsak i brukssona i verneområdet og korkje i reinens vinterbeiteområde eller kalvingsområde. Likevel er det godt kjend at reinen sjeldan er langt unna, og det må reknast med at ein kan koma til å sjå dyr. Det er difor svært viktig at ein er aktsam under transporten.

Verneområdeforvaltaren er ikkje kjend med at andre verneverdiar blir nemneverdig påverka av transporten. Man må vere trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket.

Man har kjennskap og grei dokumentasjon av verneverdiane i området. Både når det gjelder natur- og kulturverdiar. Kunnskapen er samla i forvaltningsplanen, og er henta i samband med arbeidet med denne. Botaniske verdiar og kulturverdiar blir ikkje påverka av den køyringa det er søkt om.

Føre-var prinsippet i NML § 9 får liten betydning i denne saka, då det er godt kjent kva effekt snøskuterkøyning har på området/villreinen, og då ein ikkje kan sjå usikkerheit i moglege andre negative effektar på verneføremåla. Ein veit at støy kan stresse dyra, og i prinsippet skal motorferdsle haldast på eit minimum.

Med omsyn til NML § 10 om samla belastning, er det openbart at køyringa det her er søkt om vil kome adaptivt på det som allereie er. Det vil med andre ord føre til auke i samla belastning.

NML § 11 om avbøtande tiltak og bæring av kostnader får liten verknad i samband med denne saka. Det følgjer av NML § 12 at det skal tas utgangspunkt i miljømessige forsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller avgrense skade på miljø. I denne saka dreier det seg om tal turar og



køyreavstand. Jo færre turar desto betre. Det er difor avgjerande at søkjar nyttar slede med stor kapasitet, og at ein generelt held fokus på å køyre så få turar som mogleg. Vidare er det viktig at søkjar tar omsyn til villreinen dersom den observerast under køyring. Då skal søkjar vente til reinen har trekt seg unna.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Geir Øverbø med reservesjåfør løyve til motorferdsle med snøskuter for leigekøyring etter trasé teikna inn på kart lagt ved søknad dagsett 20.12.23. Løyvet gjeld og for reservesjåfør Ingvill Marit Garnås. Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for leigekøyring utanfor godkjente trasear (jf. forvaltingsplan). Det kan ikkje køyrast etter 15. april.
- Løyvet gjeld fram til 15.04.27. Verneområdestyret kan ikkje gje løyve som varer utover styreperioden.
- Ekstra sjåførar er å rekne som erstatningssjåfør. Det vil seie berre ein sjåfør per tur som hovudregel.
- Søkjaren skal bruke slede ved leigekøyring og oppdraget skal kunne dokumenterast.
- Det er ikkje høve til persontransport åleine.
- Der det finnst etablerte trasé for snøskuter, skal denne følgjast.
- Søkjaren skal kunne dokumentere at han/ho er ute på oppdrag ved kontroll. Det skal førast køyrebok med penn (sjå neste side). Dato og føremål skal skrivast inn før turen tek til. Køyreboka må takast med under transporten og vises fram ved kontroll.
- Observerast villrein, skal køyring stanses. Søkjaren skal ha dialog med SNO /verneområdeforvaltaren om det er villrein i området.

Elles gjeld vilkår gjeve i løyve etter motorferdselslova.

Vedtaket er berre fatta etter verneføreseigna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og tilhøyrande forvaltningsplan. Søkjar er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve og løyve etter motorferdslelova.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Geir Øverbø.

Kopi:

- Hjartdal kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil òg bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.